

Referat FAU-møte

Dato: 2/6-26 Tid: 19.00-21 Sted: kringlebotn Skole

Tilstede: Elisabeth, Marian, Heidi, Jannicke, Arne, Ingvild Knudsen(ref). Rektor Kristian.

Saksliste:

1) Informasjon fra rektor:

- a) Det er kome eit innspel frå 1.trinn til FAU der dei ynskjer at vi drøfter, ilag med rektor korleis skulen arbeider med læring, trygghet og trivsel på småtrinnet, der dei mellom anna ber om kontinuitet i lærerstabten dei fyrste åra til borna. Rektor har ein gjennomgang med FAU om temaet i eigen powerpoint, denne er vedlagt dette referatet. Rektor er tydelig på at han er glad for engasjementet i foreldregruppa. Sjå elles eget skriv. FAU er nøgd med svara frå rektor og har tillit til at skulen løyser personell-kabalen til beste for borna.
- b) Status skjermtid SFO/Skule: Dette er ein pågåande diskusjon i stabten, og noko dei arbeidar aktivt med. Dei ser viktigheita av at det som vises på skjerm, skal ha eit pedagogisk innhald. Elevar frå 3.trinn har rapportert heim at det er blitt høyrd på lydbok på SFO i spisetid i det siste, noko dei tykte hadde vore kjekt.
- c) Idrettsdag på mellomtrinnet: FAU tek opp med rektor at transport ifm idrettsdag bør organiserast betre frå stabten si side. Rektor tek dette vidare til lærarane på mellomtrinnet.
- d) Status STOLT (forsterket avdeling): Rektor skal på møte no i juni med Bergen kommune for å sjå på kva romareal som evt kan nyttast for denne elevgruppa. Førebels er det planlagt oppstart august 2027.

2) Status Økonomi

FAU har per i dag tre ulike kontier i Fana Sparebank. Ein driftskonto der det per i dag står 57517 kr, ein "julemarked-konto" der det står 27716 kr og ein "uteareal-konto" der det er 5866 kr. Da ingen av FAU-representantene ser behovet for tre ulike kontier, eller har kunnskap/kjennskap til "julemarked", kommer vi til å overføre alt til driftskonto, og avslutte de to andre kontiene. Av ubetalte rekninger for skuleåret 25/26, gjenstår kun penger som er lovd til avslutningstur for 7.trinn vedteke på forige møte (10000 Nkr).

FAU diskuterte på sist FAU-møte innkjøp av uteleiker til skulen. FAU har ikkje motteke noko ynskjeliste frå dei ulike trinna. FAU-representant fra 3.trinn har sett på priser på "gigantsjakk" til utendørs bruk. Dette koster 6000 kr ink.moms. FAU støtter eit slikt innkjøp.

3) Oppsummering 17.mai:

Eit vellykka arrangement sett ut fra arrangørene sin side. FAU er imponert over innsatsen som er lagt ned frå 3.trinn, og takkar for vel gjennomført arrangement. Økonomisk gikk det historisk bra, med et overskudd på ca 21 000 kroner, takka være et fantastisk lotteri med flotte premier. Takk til alle sponsorer!

Kringlebotn IL, som er ansvarlig for alle leikene på skuleplassen denne dagen, har utfordringer med at medlemsmassen krymper. Dei slit med å få nok folk til vakt på 17.mai samt å organisere det heile. Til høsten må ein opprette dialog med KRIL om dei framleis ynskjer å arrangere alle lekene, eller om FAU skal overta dette arbeidet. FAU foreslår i så fall at 4.trinn overtar denne oppgaven.

Været på 17.mai skapte noko trøbbel; det var planlagt at all underholdning, inkludert musikkinnslag av Midtun Skoles Musikkorps, skulle skje ute på skuleplassen. Diverre byrja det å regne få minutter før toget kom til skulen. Korpset måtte difor evakuere innendørs for at ikkje instrument skulle bli øydelagt. Dørene til skulen var ikkje låst; mange av dei framøtte gjekk difor direkte inn i vestibyle/gymsal, medan det framleis var tenkt underholdning ute. 17.mai-komiteen beklager dette og tek dette med som eit læringsmoment til neste års gjennomføring. Til orientering er det vanleg på 17.mai at alt salg/alle aktiviteter opner først *etter* at underhaldninga er ferdig. Har nokon ytterlegare anmerkningar til FAU-arrangementet, kan dette rettast til referent, slik at dette kan videreformidlast til neste år.

5) Håndbok for trinnkontakter/FAU-representanter:

Dette arbeid er no i slutfasen. Ein stor takk til FAU-leder Elisabeth Alsaker for arbeidet ho har lagt ned dei siste månadane. FAU tok ein gjennomgang av handboka; den er no klar for utdeling frå hasten av.

FAU ser utfordringen med GDPR og innsamling av kontaktdata til barn/foreldre, der skulen ikkje har lov til å dele ut dette. For å lette arbeidet, vil FAU utarbeide eit skjema til utdeling på første foreldremøte til hausten for 1.trinn, slik at dei som ynskjer å dele desse dataene, kan gjere det på møtet.

6) Til orientering:

Det er starta ein eigen onsdagsklubb for 6. og 7. trinn i Paradis nabolagshus (Gamle Fana brannstasjon). Her blir det servert (gratis) mat, barna kan spille biljard, bordtennis, brettspill mm. Førebels blir tilbodet nytta av born ved Paradis skule, men dei ynskjer hjarteleg velkommen born frå Midtun og Kringlebotn også. Om det finnes foreldre som kunne tenkje seg å bidra i dette arbeidet, er dei hjarteleg velkomne til det. FAU bestemmer seg for å sende ut informasjon om dette tilbodet til hausten i eige skriv.